

Handlings- og tiltaksplan 2013. (pr. 04.01.13.)

Innleiing.

Handlingsplanen 2013 med framlegg til tiltak og aktivitetar byggjer på Parkplanen sine satsingar som pt. er:

- Styrking av primærnæringane.
- Satsing på natur- og kulturbasert næringsutvikling.
- Satsing på stadformidling, vertskapsutvikling og læring.
- Satsing på skjøtsel og tilrettelegging.
- Styrking av felles identitet og merkevare.
- Styrking og tilpassing av administrasjonen i Verdsarvparken.

Fylgjande føresetnader og rammevilkår er bestemmande i høve til val av prosjekt og gjennomføring av desse:

- Verdsarvparken si deltaking som eit av 15 nasjonale pilotprosjekt i Direktoratet for naturforvaltning (DN) sitt verdiskapingsprogram ” *Naturarven som verdiskapar*” (VSP-naturarv 2009-2013).
- Prosjektplan VSP- naturarven.
- Initiativ og innspel frå partnarar.
- Tilsegn om midlar til gjennomføring/ tilgjengeleg prosjektøkonomi.

Handlingsplanen er resultatet av ein prosesses med fylgjande innhald:

- 25. september: Partnarmøte med orientering om framdrift og oppmoding om å kome med framlegg til prosjekt/ tiltak.
- 26. oktober: Frist for innspel.
- 13. desember 2012: Handsama av arbeidsutvalet i sak - 07/12.
- 4. januar 2013: Handsaming og godkjenning i Parkstyret i sak 03/13.

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2013	NVP	Gjennomføring	Ansvar
1.	Styre og organisasjon.				
1.0.	Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap: Kostnader ved 2-3 møter. Reise- og opphaldsutgifter for leiar og nestleiar i regi av Verdsarvrådet.	100 000			
1.1.	Styret og arbeidsutvalet: Møtekostnader, godtgjerdse styreverv, reise - og opphaldsutgifter for styreleiar mv.	60 000			
1.2.	Dagleg leiing/ verdsarvsekretariat: Løn og sos. utgifter, husleige og kontorhald, reise- og opphaldsutgifter, rekneskap og revisjon.	850 000			
1.3.	Rullering av Parkplanen: Revisjon av plandokument, gjennomføring av planprosess med arbeidsmøter, open høyring og vedtak i kommunar, fylkeskommune og parkstyret.	350 000			
	Delsum styre og leiing	1 360 000			
	Feltarbeidarar/ operativt personell				
1.3.	Parkforvaltar - kulturminne og formidling: Løn, sos. utgifter, husleige, kontorhald, reise-, kurs- og opphaldsutgifter.	475 000			
1.4.	Restaureringshandverkar: Løn, sos. utgifter, husleige, verktygodtgjerdse, kontorhald, reise-, kurs-, og opphaldsutgifter mv.	470 000			
1.5.	Parkforvaltar - kulturlandskap, skjøtsel og tilrettelegging: Løn, sos. utgifter, husleige, kontorhald, reise-, kurs- og opphaldsutgifter.	420 000			
1.6.	Parkforvaltar - mat og oppleving: Løn, sos. utgifter, husleige, kontorhald, reise-, kurs- og opphaldsutgifter.	475 000			
1.7.	Prosjektmedarbeidarar: : Løn, sos. utgifter, husleige, kontorhald, reise-, kurs- og opphaldsutgifter.	350 000			
	Delsum feltpers.	2 190 000			
	Sum styre og organisasjon	3 550 000			

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2013	Partnerar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
2.	Styrking av primærnæringane				
2.1.	Tiltaksplanen for kulturlandskapet i Vestnorsk fjordlandskap: Oppfølging av skjøtselsavtaler. Auka innsats og fokus på å etablere økonomi til ordninga med investeringsbidrag. Kontakte sentrale samarbeidspartar og styresmakter.		Kommunane FM-landbruksavdelinga Verdsarvrådet	Desember	Dagleg leiar.
2.2.	Kurs/ kompetanse/ nettverkssamlingar: Planlegge/ gjennomføre kurs/ samlingar som eit ledd i oppfølging av avtalepartane i tiltaksplanen. (sjå pkt. over) Samordning med Geirangerfjorden.	30 000	FM - landbruksavd. Kommunane	Oktober	Dagleg leiar.
3.	Natur- og kulturbasert næringsutvikling				
Kulturminnesatsinga:					
3.1.	Restaureringsplan for Nærøyfjordområdet: Høyring av utkast og slutføring av ein samla plan for istandsetjing av verneverdige bygningar/ bygningsmiljø.		Sogn og Fj. fylkesk. Hordaland fylkesk. Riksantikvaren Jarle Sandvik Kommunane Verneområdestyre/SN O	Februar	Parkforvaltar kulturminne
3.2.	Skogastova, Dyrdal: Oppfølging av restaureringsarbeidet - oppsett, avslutting og rapportering mv.		Eigarane Dyrdal Fjordarv Verneområdestyre S. og Fj. fylkesk. Ansvarleg handverkar	Juni	Parkforvaltar kulturminne
3.3.	Oddastova på Otternes: Oppfølging og slutføring av restaureringsarbeidet. Sluttrapportering. Prosjekt overført frå 2012.		Stifting Otternes Otternes v/ L. Kvellestad	August	Parkforvaltar kulturminne
3.4.	Eilertstova på Otternes: Oppstart, oppfølging av restaureringsarbeidet, delrapportering. Prosjekt overført frå 2012.		Stifting Otternes Otternes v/ L. Kvellestad	Desember	Parkforvaltar kulturminne
3.5.	Driftsbygning og stabbur på Nedberge: Oppfølging av restaureringsarbeidet. Delrapportering. Oppstarta og vidareført i 2012.		Eigarane Verneområdestyre Sogn og Fj. fylkesk. Kulturminnefondet	Oktober	Parkforvaltar kulturminne

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2013	NVP	Partnerar/ Samarbeidspartar	Gjennomfø rt	Ansvar
3.6.	Kvernhus på Selland, Stalheim: Oppstart og oppfølging av restaureringsarbeidet.			Eigarane/ Stalheim LP Hordaland fylkeskommune Kulturminnefondet Ansvarleg handverkar	September	Stalheim Landskapspark
Mat-, handverks-, og opplevingsproduksjon						
3.7.	SAKTE - alliansen; naturbasert reiseliv i Verdsarvparken: Vidareføring av Verdsarvparken si spissa satsing i samarbeid med Sognefjorden Næringshage og SAKTE-alliansen om utvikling av ein "Destinasjon SAKTE - naturbasert reiseliv i Verdsarvparken" - ei strategisk pilotsatsing med fokus på tilrettelegging, produktutvikling, merkevarebygging og utvikling av ein marknad for produkt som styrkar motivet for vern av landskaps- og kulturverdiane.	700 000		Sognefjorden Næringshage SAKTE- alliansen	Desember	Parkforvaltar mat og oppleving Sognefjorden Næringshage AS
3.8.	"Frå frø til øl til brød": Forprosjekt i regi av SLP med mål å etablere opplevingar/ produkt knytt til lokale ressursar som lokal mat og drikke, kulturformidling, kursing og vertskap/ guiding.	250 000		Stalheim Landskapspark Stalheim Oppleving	Desember	Stalheim Landskapspark (SLP)
3.9.	"Fjordopplevingar": Fellesprosjekt med Fjord1 med mål om å vidareutvikle innhaldet på turistferjene Flåm-Gudvangen og Gudvangen-Kaupanger. Auka fokus på betre formidling, vertskap og tilgang til/ frambod av lokal mat skal fremje kvaliteten på opplevinga.	100 000		Fjord1, Sogn Næring, Sognefjorden Næringsh., Partnerane, Verneområdestyret	Juni	Parkforvaltar mat og oppleving
3.10.	Møteplassen "Handverkartunet 2013": Planlegging og etablering av ein møteplass med fokus på verdiskaping av ull, plantefarging og strikking. Koble arrangement mot formidling av kunnskap/ historia/ storytelling. Ei oppleving og produkt.	140 000		Otternes v/ Laila Kvellestad Naturpedagog Jorun Barane	September	Otternes v/ Laila Kvellestad
3.11.	Vandringstur Lie - Otternes: Utvikling, etablering og marknadsføring og sal av eit nytt vandringsprodukt frå Lie til Otternes med innslag av lokal mat.	55 000		Otternes Lie Gardstun	September	Otternes v/ Laila Kvellestad

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2013	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Gjennomfø rt	Ansvar
3.12.	Etablering av laftehall: Forprosjekt i regi av SLP med mål om etablere ein hall for lafting og til restaureringsføremål.	160 000		Stalheim Landskapspark	Desember	Stalheim Landskapspark (SLP)
3.13.	"Opplevingspakkar i Arven": Slutføring av forstudie og marknadsundersøking, etablering av leverandørnettverk/ samarbeidspartar. Prosjektet har som mål å utvikla berekraftige og gode tilbod som inkluderer deltaking i det spektakulære natur- og kulturlandskapet. Vidareført frå 2012.	100 000		Heritage Adventures	November	Heritage Adventures AS
3.14.	Ferdigstilling av Stigaløa: Framhjelp og innsats i samband med slutføring av Stigaløa på Nedste Stigen. Stigaløa vil legge til rette for auka satsing på overnatting/ servering samt skjøtsel/ beiting kulturlandskapet.			Stigen Gard og Turar Tre og Tradisjon Hauglum Sag SNO/Verneområdestyre	August	Stigen Gard og Turar (Dagleg leiar NVP)
3.15.	Leidang i Sognefjorden: Prosjekt med mål om å vidareutvikle Kystled Nærøyfjorden til å bli eit endå meir attraktivt aktivitetstilbod og oppleving for gjestene samstundes som ein fremjar kunnskap om, bygging og bruk av den tradisjonelle Sognebåten, ivaretaking og bruk av bygningsmiljø og verdiskaping i grendene ved fjorden.	400 000		Forbundet Kysten/ Indre Sogn Kystlag/ Kystled Nærøyfjorden Grendene ved fjorden	Desember	Parkforvaltar mat og oppleving
Arrangement						
3.16	Verdsarvturen, Bakka: Innsats og hjelp til organisering og gjennomføring av arrangement.	10 000		Bakka Grendalag Dyrdal Grendalag, SNO	August	Bakka og Dyrdal Grendalag
3.17.	Kongevegmarsjen, Stalheim: Organisering, marknadsføring og gjennomføring. Samordning.	12 000		Stalheim Landskapspark	September	Stalheim Landskapspark
3.18.	Stalheimskleiva Opp, Stalheim: Organisering, marknadsføring/profilering og gjennomføring av arrangementet 1. mai.	100 000		Stalheim Landskapspark	Mai	Stalheim Landskapspark
3.19.	Motbakkelop Rimstigen Opp, Bakka: Innsats til utvikling, organisering, koordinering, marknadsføring og gjennomføring.	85 000		Aurland Idrettslag Bakka Grendalag IL Modig	Juli	Aurland Idrettslag
3.20.	Kurs i steinmuring: Planlegging, organisering og gjennomføring av kurs/ opplæring i muring med naturstein. Knyte aktiviteten til andre delprosjekt.	50 000		SJH Verneområdestyre/ SNO	September	SJH

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2013	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
3.21.	Opningsarrangement Skogastova, Dyrdal: Planlegging, organisering og gjennomføring av ei markering og utstilling som har fokus på formidling og bruk. Programinnslag frå fleire lokale aktørar. Overført frå 2012.	100 000		Dyrdal Fjordarv Dyrdal Grendalag Kystled Nærøyfjorden Jorun Barane	Juni	Parkforvaltar kulturminne
3.22.	Kulturminnehelg 2013: Framhjelp, organisering og gjennomføring av kulturminnedagen 2013 på Otternes Bygdetun. Engasjere og involvere skulane/ musikk- og kulturskulane, lag og organisasjonar elles i programmet og aktivitetane. Fokus på brei verdiskaping.	250 000		Otternes v/ Kvellestad Kystled Nærøyfjorden Skulane / Musikkskulen	September	Parkforvaltar kulturminne
3.23.	Stølsfestival: SLP har mål om å etablere ei stølshelg i området Brekke - Oppheimsdalen - Brandseth. Dette forprosjektet skal gjere nærare greie for innhald/ konsept og gjennomføring.	75 000		Stalheim Landskapsark	September	Stalheim Landskapsark
3.24.	"The Fjord Summit": Forprosjekt med mål om å etablere ein nasjonal/ internasjonal FJORDkonferanse og møteplass med fokus på utfordringar og potensiale for berekraftig utvikling og ivaretaking.	200 000		Campus Aurland Verdsarvrådet Geirangerfjorden Verdsarv Verneområdestyre	Desember	Dagleg leiar/ eigen prosjektmedarbeidar
3.25.	Opningsfest Stigaløa, Stigen: Innsats og framhjelp i samband med planelegging/ organisering/ gjennomføring av pningsarrangement og konsert på Stigen.	250 000		Stigen Gard og Turar Opplev Underdal Flåm Oppleving/ SNO	August	Stigen Gard og Turar
3.26.	"Friluftslivets år 2015": Har tema kulturminne og folkehelse. Innsats i høve til planlegging av innhald, organisering og gjennomføring aktivitetar og arrangement i Verdsarvparken. Framskaffe naudsynt finansiering	30 000		Partnarane Kommunane Verneområdestyret	Desember	Parkforvaltar kulturminne (Parkforvaltar mat og oppleving)
3.27.	"Farmers Market": Støtte opp om organisering og gjennomføring av lokale/regionale marknader som skal synleggjere for innbyggjarane og gjestene elles mangfaldet av lokale produkt og opplevingar. Prioritere deltaking på eksisterande marknader, festivalar, møteplassar mv.	50 000		Sognefjorden Næringshage/ SAKTE Partnarane	September	Parkforvaltar mat og oppleving

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2013	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
Anna						
3.28.	Prosjektutvikling i dei andre grendene : Framhjelp og innsats, både direkte og indirekte, til utviklingsprosessar i dei øvrige grendene i Verdsarvparken. Bidra med prosess- og fagkompetanse.	150 000		Lag, organisasjonar og verksemder i grendene.	Desember	Dagleg leiar/ Partnar Sognefjorden Næringshage
3.29.	Besøksforvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap: - vidareføring av forprosjekt med mål om å etablere ein felles besøksforvaltningsstrategi/ - plan for Vestnorsk fjordlandskap. - Planlegge og gjennomføre ein felles studietur for Vestnorsk fjordlandskap til område med liknande tal gjester og røynsle frå aktiv besøksleiing. Vidareført frå 2012.	450 000		Aurland Naturverkstad Geirangerfjorden Verdsarv Verdsarvrådet Regionalt Forskingsfond Verneområdestyret	Oktober	Dagleg leiar
3.30.	Verdsarvbygda Underdal: Undredal er ei lita verdsarvbygda der gjennomfartsturismen truar med å kvele bulysta. Gjennom 6 delprosjekt satsar bygda på å utvikle ei besøksnæring som styrkar bulysta: - Blomsterbygda Undredal. - Skilting i sentrum. - Arbeidsseminar og innspel til stadanalyse frå bygda. - Tilrettelegging for kajakk og stille/sakte fjordturisme. - Nye formidlingstilbod i servicebygget. - Bygda sin innfallsport frå fjorden – analyse/konseptut. Framhald og overføring av delporsjekt frå 2012.	200 000		Underdal Grendalag og Bygdeutvikling	September	Underdal Grendalag og Bygdeutvikling
3.31.	Berekraftig fjordturisme i Verdsarv Nærøyfjorden: Prosjekt med mål om å etablere ein masterplan/ strategi for ei berekraftig reisemålsutvikling i Verdsarvparken og regionen elles tufta på bruk av klima- og miljøvenlege tiltak og materiell.	50 000		Aurland Ressursutvikling AS (ARU) Reisemålsselskap Aurland Hamnevesen Grendene, kommunane	Desember	ARU

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2013	NVP	Partnerar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
4.	Stadformidling, vertskapsutvikling og læring					
4.1.	Bygdevertkurser: (Vidareført frå 2012) 1. Utvikle kursa med tanke på innhald og målgruppe - etablere og gjennomføre ei tilbod retta særleg mot deltakarar som skal nytte kunnskapen i eiga næringsverksemd eller som tilsett. 2. I samarbeid med ein høgskule utvikle og etablere eit kompetansegejevande kurstilbod. 3. Gjennomføre eit nytt bygdevertkurs retta mot ei brei målgruppe. Kursstad fordelt på fleire stader i Verdsarvparken. 4. Legge til rette for og hjelpe fram lokalt tilpassa kurs i dei andre grendene i og kring Verdsarvparken. (Stalheim)	300 000		Flåm Oppleving Aurland Naturverkstad Stalheim landskapsark Partnerane	April - oktober - 2013	Parkforvaltar mat og oppleving
4.2.	Vertskapskurs : Utvikle og gjennomføre eit 1. generasjon vertskapskurs for 1.linje personell i reiselivsverksemd og andre verksemdar i Verdsarvparken. Fokus på basiskunnskap om området/ regionen og kva det kan tilby av opplevingar og aktivitetar.	100 000		Sognefjorden Næringshage, Aurland Naturverkstad, Otternes Bygdetun Partnerane, Verneområdestyret + SNO	Mars	Parkforvaltar mat og oppleving

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2013	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
4.3.	Samarbeid med skulane: Verdsarvparken har som målsetjing at verdsarven Vestnorsk fjordlandskap skal bli ein naturleg del av skulekvardagen i Nærøyfjordområdet. Det er allereie etablert partnerskap med Lærdalsøyri Barne- og Ungdomsskule og Aurland Barne- og Ungdomsskule. I samarbeid med skulane i og inntil Verdsarvparken vil vi utvikle og gjennomføre ein kompetanseplan/ pedagogisk opplegg som set fokus på verda sin arv/ vår arv, vertskap, entreprenørskap/ næringsutvikling. Delvis overført frå 2012	350 000		Skulane i Verdsarvparken SNO/ Verneområdestyret Kommunane	September	Eigen prosjektmedarbeidar (Parkforvaltar kulturminne)
4.5.	"Fjordportalen": Avslutte forprosjektet knytt til etablering av eit senter for grøn kompetanse og formidling av fjord- og verdsarv. Etablering og vidareføring av hovudprosjekt .	250 000		Aurland Naturverkstad Aurland kjøle- og fruktlager	Februar	Dagleg leiar
4.6.	Formidling og informasjon: 1.Vidareutvikling og drift av nettsida www.naroyfjorden.no . Partnarar/ grendalag utan eiga side får tilgang til dette. 2.Omsetje Verdsarvparken si infobrosjyre til engelsk. 3. Auka satsing på å nytte lokal og regional media til informasjon/ formidling/ omtale av prosjekt og tiltak. 4. Kunngjering og marknadsføring av partnarane sine aktivitetar i media/ nett.	350 000		Karslens Lokale blad og regionale aviser mv. Aurland Naturverkstad	Desember	Parkorganisasjonen
4.7.	Infobrosjyre Nærøyfjorden: Utarbeide ei enkel infobrosjyre for reisande på fjorden med oppl. om ma. landingsplassar, toalett, skikk og bruk samt andre tilbod i grendene ved fjorden. Oppstarta og vidareført frå 2012.	80 000		Grunneigarar, Verneområdestyret/ SNO, Grendalaga ved fjorden	Mai	Dagleg leiar
4.8.	Lokale informasjons- og visningscenter: - Gjennomføring av forprosjekt knytt til utvikling av og grunnlag for etablering av "Underdal Verdsarvhus". - Idedugnad, utvikling av innhald og etablering av "Bakka Verdsarvhus". - Idedugnad, utvikling av innhald og etablering av "Jordalen Verdsarvhus". Vidareføring av satsing frå 2012.	800 000		Underdal Oppliving Bakka Grendalag Jordalen Grendalag Aurland Naturverkstad Verneområdestyret	Desember	Partnar Underdal Oppliving Bakka Grendalag Jordalen Grendalag (Dagleg leiar)

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2013	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
4.9.	<p>"World Heritage Storytelling": Prosjektet har som mål :</p> <p>1. Integrering av forteljarkunst som verktøy i lokalsamfunnsutvikling og i stadbasert læring. Etablering av faste årlege møtepunkt arrangement mellom ressurspersonar i Cotswold i England som er eit landskapsområde med andre men tilsvarende kvalitetar for rekreasjon som Nærøyfjorden området.</p> <p>2. Vidareutvikle nettverk, kompetanse og gjennomføre kurs i forteljarkunst som ein integrert del av den kulturelle og sosiale verdiskapinga knytt til turar og opplevingar i Verdsarvparken i samarbeid med den internasjonale skulen for "Storytelling".</p>	55 000		Naturpedagog Jorun Barane	August	Jorun Barane
4.10.	<p>Felles formidlingsplan - Vestnorsk fjordlandskap: Oppstart og gjennomføring av arbeidsprosess med mål om å fremje utkast til felles formidlingsplan. Vidareført frå 2012.</p>	75 000		Geirangerfjorden Verdsarv Aurland Naturverkstad Verneområdestyre/ SNO	Desember	Dagleg leiar (Parkforvaltar kulturminne)
5.	Skjøtsel og tilrettelegging					
5.2.	<p>Tursti Brekkefossen, Flåm: Planlegging og støtte til gjennomføring av tilretteleggingsprosjekt ved Brekkefossen. Betre og sikrere tilkomst. Oppsett av infoskilt. Overført frå 2012.</p>	120 000		Verneområdestyre/SNO Grunneigar	Oktober	
5.3.	<p>Utsiktspunkt Sivlefossen, Stalheimskleivi: Forprosjekt opparbeiding og etablering av tursti og plattform med utsikt inn i fosserommet til Sivlefossen. Vidareført frå 2012 grunna manglande toppfinans.</p>	300 000		Grunneigar Voss Kommune Verneområdestyre	Oktober	Voss kommune/
5.4.	<p>Beitetiltak på Drege: Inngjerding og styrt beiting. Overført frå 2012 grunna manglande finansiering.</p>	100 000		Drege Gard SNO/ Verneområdestyre	Mai	Partnar Drege Gard

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2013	NVP	Partnerar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
5.5.	STOPPunkt Stalheim: Etablering av stopp- og informasjonspunkt. Skilting og oppsett av infotavler, profilering av området.	200 000		Stalheim Landskapsark	September	Stalheim Landskapsark (SLP)
5.6.	Turvegen til Hovdungo - Stigen: Underdal sitt svar på Rimstigen. Planlegging og støtte til gjennomføring av tiltak som betrar og sikrar tilkomst, merking og oppsett av infotavler/ etablering av formidlingsopplegg. Auka profilering og marknadsføring.	125 000		Underdal grunneigarlag Underdal grendalag SNO/ Verneområdestyre Stigen Gard og Turar	November	Parkforvaltar - kulturminne.
5.7.	Stigakaien, Aurlandsfjorden: Innsats/ framhjelp og støtte i samband med istandsetjing/utbetring av Stigakaien, betre tilrettelegging for landing og fortøying av kajakkar robåtar. Betre plass for lagring og lastning i samband med landbruksdrift/ næringsverksemd. Ein portal OPP i Verdsarven.	250 000		Stigen Gard Njord AS Indre Sogn Kystled Verneområdestyre	September	Stigen Gard v/Dee
5.8.	Aurlandsdalen: Gjennomføring av idedugnad, utarbeiding av langsiktig tiltaksplan med fokus på istandsetjing, merking og auka bruk , formidling av historia, tilrettelegging for endra bruk.	150 000		Venner av Aurlandsdalen. Aurlandsdalen Kulturlandskap Bjørn Ståle Vike	Oktober	Venner av Aurlandsdalen/ eigen prosjektmedarbeidar.
5.9.	Turvegen Underdal - Stokko: Utbetring/ sikring, merking og auka profilering av turvegen langs med Aurlandsfjorden.	50 000		Underdal Grendalag. Underdal Grunneigarlag. Verneområdestyre	September	Underdal Grendalag
5.10.	Sivle Gard, Stalheim: Sikring og restaurering av bru til Sivle Gard. Trygge og betre tilkomsten til garden og vidare til husmannsplassen Nåli. Dørhelle til verdsarven. Vidareført frå 2012 grunna manglande toppfinans.	710 000		Sivle Gard Innovasjon Norge Voss kommune	Oktober	Sivle Gard v/ Randi Engelsen Eide
5.11.	Utviklingsplan, Otternes Bygdetun: Slutføring av ein heilskapeleg landskapsplan for tilkomst, bruk, skilting og formidling i og av Otternestunet. Oppstarta og vidareført frå 2012	120 000		Otternes Cubus	August	Otternes ved Laila Kvellestad

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2013	NVP	Partnerar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
5.12.	Informasjonstavler: Vidareføre produksjon og oppsett av verdsarvtavler/ lokale infotavler på fylgjande stader: <ul style="list-style-type: none"> - Håbakken - VF 4 språk. - Lærdal ferjekai - VF 2 språk - Infopunktlangs med E-16 - VF 4 språk - Fresvik/ Engi/ Skard - Ved Bakkatunnellen - Nordheimsdalen - Fyre, Stalheim - Kaupanger ferjekai - VF 4 språk - Erstatte skada tavle ved Hausen - lokal + VF 2 språk. - Brekkevegen/ Stalheimskleiva: Infotavler om Sivle Gard 	400 000		Grendene/grunneigar/ Verneområdestyret + SNO.	Oktober	Dagleg leiar/ eigen prosjektmedarbeidar.
5.13.	Rydding, merking, skilting av turstiar/ vegar: <ul style="list-style-type: none"> - Skarsvatnet - Breiskrednosi. - Skarsvotno - Breidalen. - Breidalen - Vassete. - Vassetfjellet - Vassete. - Langhuso - Jonadalen. - Langhuso - Undredal - Hjøllo - Stigen - Beitelen - Fristølen. - Hausen - Brekke i Flåm. - Dyrdal - Skogane/ Gamlevegen. - Dyrdal - Salthella. - Fronnes ved Aurlandsfjorden. Vidareføring av tiltak frå 2012.	300 000		Partnerar/grendalag/ Turlag/ SNO Verneområdestyret	Oktober	Dagleg leiar/ eigen prosjektmedarbeidar.
5.14.	Fresvik sentrum: Prosjektet i regi av Fresvik Bygdelag har til føremål å legge betre til rette for fjordturismen gjennom etablering av betre landingsplassar for kajakkar/ robåtar, enkel overnatting og andre servicetilbod.	325 000		SNO, Njord, Indre Sogn kystlag Stigen Gard &Turer Frøys Hus ,Vik kommune Fresvik Eigedom AS	November	Fresvik Bygdelag

Kap.	Innsatsområde/ tiltak	Budsjett 2013	NVP	Partnarar/ Samarbeidspartar	Gjennomført	Ansvar
6.	Styrking av felles identitet og merkevare					
6.1.	Parkmøte: Vidareutvikle parkmøte/ allmøte til felles forum, arrangere parkmøte innan ultimo april 2013.	30 000		Partnarane, stiftarane m.fl.	April	Dagleg leiar
6.2.	Møteplassar: Gjennomføre samlingar for partnarane - vår og haust. Faglig og sosialt.	15 000		Partnarane	September	Dagleg leiar
6.3.	Forum for læring, formidling og vertskap.	15 000		Partnarane	Februar	Parkforvaltar mat og oppleving
6.4.	Forum for mat- og opplevingsproduksjon.	15 000		Partnarane	September	Parkforvaltar mat og oppleving
	Sum Bruttobudsjett 2013	13 132 000				

Merknad: Gjennomføring føreset løyving av økonomi i tråd med finansieringsplanen.

Aurland, 4.januar 2013.

Erling Oppheim
Dagleg leiar